



Når får Uskedalen også kunstgrasbane?

**5 av spelarane på herrelaget til Rosendal hadde Uskedalen som postadresse då laget i ettermiddag fekk Fitjar på besøk på kunstgrasbana. Dei var Hallvard Enes (keeper), Jørgen Moberg, Anders Bakke Berntsen, Kristoffer Rød og Hans Fredrik Zimmer. Men korkje dei eller dei andre makta å demme opp for dei meir effektive gjestene, som vann med 4-1. Det var Bakke Berntsen som sette inn trøystemålet.**

Men når dette er sagt er det på sin plass å peika på at i alle fall to av Fitjar-måla var relativt lettkjøpte og skuldast svært svakt forsvarsspel frå vertane. Andre omgangen då dei fekk eit mål kvar var var ikkje berre jamnspelt - Rosendal hadde initiativet lenge.

Det kan ikkje vera tvil som at den svake seriestarten som så langt har gjeve 3 tap i stor grad er psykisk motivert. Rosendal har ein bra spelarstall - no gjeld det berre å få samkjørt gampane!

Ellers har Rosendal svært god nytte av kunstgrasbana under dei ekstraordinære tilhøva denne våren. For heller ikkje deira grasbane er spelbar førebels.

Når får Uskedalen også kunstgras?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ballen på veg mot maskane utan at Rosendal (med stort innslag frå Uskedalen) kan hindra det